



Glenn Tangen
Mjåtveitmarka 38 F
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1295 - 14/4865

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
31.03.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Fasadeendring/innsetting av skyvevindaug på altan, gbnr 22/229-14.

Administrativt vedtak. Saknr: 68/2014

Saksutgreiing:

Eigedom: 22/229-14
Byggjeplass: Mjåtveitmarka 38 F
Tiltakshavar: Glenn Tangen
Planstatus: Reguleringsplan Mjåtveitmarka

Søknad om: Fasadeendring/innsetting av skyvevindaug på altan.

Det vert vist til søknad motteke 18.03.2014 og teikning motteke 25.03.2014 og 28.03.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld fasadeendring/innsetting av skyvevindaug på altan på gnr.22 bnr.229 snr 14 i Mjåtveitmarka .

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Mjåtveitmarka regulert til bustadområde.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 15.03.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til fasadeendring/innsetting av skyvevindaug på altan på gnr.22 bnr.229 snr 14 i samsvar med søknad motteke 18.03.2014.

Det vert vist til vedlagte kart motteke 25.03.2014 og teikningar motteke 25.03.2014 og 28.03.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Glenn Tangen

Mjåtveitmarka 38 5918
F

FREKHAUG